

enn alle andre tilsaman. Det er difor ikkje so rart um mange kallar bokriket for islandsk-norsk. Naar me likevel her talar um det *gamal-norske bokrike* (1150—1350), gjer me dette for di alle nordmenner den gongen hadde eit og same tungemaal — *norræna, norrænt mál* — anten dei var fraa Jamteland, Trøndelag, Gulatinglag, Upplandi, eller dei var fraa Island, Færøyarne eller Hjaltland. Dette tungemaallet kløyvde seg fulla som alle andre i mange maalføre med ymse avvik i smaating; men naar det gjeld dei vigtugaste maalmerki, som skil norsken ut fraa andre maal, t. d. svensk og dansk, daa finn me dei norske maalføre samstelte og merkeleg like.

Av dei mange bøker og skrifter paa gamalnorsk maal vil me her berre minna um *Eddakvæði og skaldediktningi*, som hadde si blømingstid fraa 800—1100, men som fyrst i det 12te og 13de hundr. vart sett i bok; dei *norske kongesogor* (*Snorre Sturleson*), dei *islandske ættesogor, romantiske sogor, religiøse bøker, Kongespegelen, loger o. m.*

Opplysning og lærdom stod høgt i Norig i denne tidi. Ved klostri og domkapitli var der *skular og boksamlingar*. Vidgjeti var den rike boksamlingi til Nidaros domkapitel.*) Men det som me er mest skyldige til aa takka federne for i denne tidi, er den vyrdnad dei hadde for heime-maalet sitt, som vart godt dyrka og voks i kraft, rikdom og vænleik.**)

*) Boksamlingi vart brend daa Luthers kyrkjeumbot kom, for der var so mange «papistiske» bøker. Alle andre boksamlingar er ogso burte. Dei gamle norske handskrifter som vart berga fraa øydeleggjingi, er spreidde for alle vindar i utlandet, mest i Kjøpenhamn.

***) I Kongespegelen seier faren til son sin, at han bør læra seg framande tungemaal, men han legg til: *tjñ eigi at heldr þinni tungu* d. e. tyn ikkje diitt eige maal.